

# FORSKRIFT OM GRAVPLASSVEDTEKTER, HEMSEDAL KOMMUNE, BUSKERUD

Vedtatt av Hemsedal sokneråd 30.1.2025 med heimel i lov av 7. juni 1996 nr. 32 om gravplasser, kremasjon og gravferd (gravplasslova) § 21 første avsnitt, § 8 første avsnitt og § 14 første avsnitt og forskrift til lov om gravplasser, kremasjon og gravferd av 10. januar 1997 nr. 16 (gravplassforskrifta) § 15a fjerde avsnitt.

Godkjent av Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark 07.02.2025, jamfør lov av 7. juni 1996 nr. 32 om gravplassar, kremasjon og gravferd (gravplasslova) § 21 første avsnitt. Kunngjort i Norsk lovtidend 14.2.25.

## § 1 ANSVAR OG FORVALTNING

Hemsedal sokneråd er gravplassmyndigheit i Hemsedal kommune.

## § 2. DEFINISJONAR

<b>Fri grav</b>	Grav som gravplassmyndigheita har tildelt ein avdød person med bopel i kommunen, og som det ikkje blir betalt festeavgift for i fredingstida.
<b>Festa grav</b>	Grav som det er inngått eller fornya festeavtale for, jf. gravplasslova § 14.
<b>Festa gravstad</b>	Fleire kistegraver som er festa saman.
<b>Ordinær urnegrav</b>	Grav til oskeurne med plass til fire urner, jf. gravplassforskrifta § 14.
<b>Urneggrav i minnelund</b>	Grav til oskeurne i minnelund med plass til éi urne.
<b>Kistegrav</b>	Grav som stettar forskrifa sine krav til storleik for gravlegging av kister. I ei kistegrav kan det også gravleggjast urner.
<b>Fredingstid</b>	Tidsrom frå siste gravlegging til grava kan takast i bruk igjen til ny gravlegging.
<b>Festetid</b>	Tida det er avtala å feste ei grav for.
<b>Ansvarleg for grav</b>	Den som er ansvarleg for ei fri grav.
<b>Festar</b>	Den som står som ansvarleg part i ein festeavtale.
<b>Namna minnelund</b>	Gravfelt som har felles minnesmerke med namn og data på dei som er gravlagde der.
<b>Unamna minnelund</b>	Gravfelt for unamna graver. Feltet kan ha eit felles minnesmerke utan opplysningar om kven som er gravlagde der.

## § 3. FERDSEL PÅ GRAVPLASSANE

Besøkande skal om mogeleg ferdast gåande, jf. gravplassforskrifta § 9 (2). Gravplassmyndigheita kan etter søknad tillate motorisert ferdsel ved dokumentert sjukdom/forflyttingshemming. All køyring skal skje særleg omsynsfullt.

## § 4. GRAVPLASSTILHØYRSLE

Avdøde personar som ved dødsfallet hadde bopel i kommunen kan gravleggjast på Hemsedal kyrkjegard.

Dei har rett til fri grav dersom gravplassmyndigheita har tilvist grava. Retten til utvida frigravperiode er nærmare regulert i gravplassforskrifta § 16 første avsnitt og § 18 andre avsnitt.

Avdøde personar som på grunn av sjukdom eller alderdom har budd i ein annan kommune-mot slutten av livet, blir rekna med på same måte som kommunens eigne innbyggjarar, og har rett til fri grav dersom gravplassmyndigheita har tilvist grava.

Avdøde personar frå andre kommunar kan bli gravlagt i kommunen mot at kostnadane ved gravferda og avgift som ved feste av grav blir betalt.

## **§ 5. FREDINGSTID**

Fredingstid for kistegraver er 30 år.

Fredingstid for kistegraver på nytt felt H og G er 20 år

Fredingstid for urnegraver er 20 år.

## **§ 6. FESTE AV GRAV MED MEIR**

Når ei kistegrav skal takast i bruk er det høve til å feste ei grav ved sida av ho. Etter søknad til gravplassmyndigheita kan det søkjast om å feste ei ekstra grav i tillegg, når behovet seier det. Desse gravene utgjer då éin gravstad.

Ved bruk av ordinær urnegrav, kan det ikkje festast grav i tillegg. For feste i namna minnelund, sjå §11.

Ved feste av grav ved sida av den kistegrava som ein først nyttar, er festetida 20 år og festeavgift betalast for heile festetida for den festa graven.

Når festetida/fredingstida er ute, kan grava/gravstaden bli festa for nye 5 år. Når det er gått 60 år etter siste gravlegging, kan festet ikkje bli fornya utan etter særleg samtykke frå gravplassmyndigheita, og då for maksimum 10 år til. Festaren skal bli varsla i god tid før festetida er ute. Er ikkje festet blitt fornya innan seks månader etter forfall, fell grava eller gravstaden tilbake til gravplassen.

Innbetalt festeavgift blir berre betalt tilbake dersom tilbakebetaling følgjer av bindande rettsreglar eller det ligg føre særlege grunnar.

Ein kan ikkje gravlegge i ei grav utan samtykke frå gravansvarleg eller festar. Dersom det ikkje er råd å hente inn samtykkje frå gravansvarleg eller festar, kan gravplassmyndigheita avgjere gravlegginga.

Festar pliktar å melde adresseendring.

## **§ 7. GRAV OG GRAVMINNE**

Ved opning av grav kan jord bli lagt på omkringliggende graver og gravutstyr kan mellombels bli flytta.

Gravplassmyndigheita sørger for istandsetting igjen, og vil også sjå til at grava blir planert og tilsådd med gras etter gravlegging.

Gravplassmyndigheten er ikkje ansvarleg for skader på graver eller gravutstyr med mindre skaden skuldast akløyse frå gravplassens betjening, jf. gravplassforskrifta § 10.

Montering av gravminne kan fyrst skje etter at gravplassmyndigheita har godkjent gravminnet, merka staden der det skal stå og staden er klargjort. Gravminne på urnegrav kan ein sette opp med ein gong etter urnenedsettinga, utan i periodar med snø. Så lenge ein ventar på gravminne sørger gravplassmyndigheita for eit merke med avdøde sitt namn på.

På fri grav som ikkje er anonym/unamna grav og på festet grav og gravstad kan det plasserast gravminne. Eit gravminne er minnesmerke med namn og data på den gravlagde. Det kan berre plasserast eitt gravminne på kvar gravstad.

Fester av grav eller ansvarleg for fri grav er eiger av gravminne og pliktar å halde gravminnet sikra og i forsvarleg stand.

Maksimal storleik på gravminnet følgjer gravplassforskrifta § 23 og § 24. Vi gjer merksam på at det på urnelundane er eigne reglar for kor stort gravminnet kan vere.

På nyfesta gravstad skal gravminnet sentreras på gravstaden.

Dersom ein vel å gravlegge i anonym grav, utan namn eller nokon form for forplikting eller ansvar i ettertid, er det ikkje tillate å få påført namn på eit gravminne på eit seinare tidspunkt. Då grava er anonym, kan dei etterlatne ikkje vere til stades ved gravlegginga. Grava si plassering er berre kjend for gravplassmyndigheita.

## **§ 8. PLANTEFELT**

Framfor gravminnet er det høve til å opparbeide eit plantefelt i høgde med bakken omkring. Feltet må ikkje vere breiare enn gravminnet si breidde, men kan i alle tilfelle vere opp til 60 cm breitt. Det kan ikkje stikke lengre fram enn 60 cm, målt frå gravminnet sin bakkant. Det kan ikkje plantast vekstar som overstig gravminnet si høgd eller går utover plantefeltet.

Det er ikkje høve til å bruke faste dekorgjenstandar som blomsterurner, lykter mv. i plantefeltet. Det er høve til å tenne stearinlys og oljelampe på grava, så lenge dette er innanfor gjeldande reglar om brannvern. Stearinlys, oljelamper og andre lause dekorgjenstandar skal fjernast etter bruk.

Det er berre høve til å ramme inn plantefelt med delt steinkant eller bed-plate som fluktas med terrenget omkring. Bed-plate og fundament for gravminne skal ikkje henge saman. Det er ikkje lov med lause steinar som innramming. Det er ikkje høve til å ramme inn grav/gravstaden med hekk eller døde materiale.

På felt G, som er tilrettelagt for muslimsk gravleggingsskikk, gis det etter godkjenning av gravplassmyndigheita, anledning til å ramme inn gravopninga med kantstein som fluktas med bakken, slik at det er enkelt å køyre over med grasklyppar.

Dersom det ikkje er aktuelt å ha plantefelt, skal det vere grasbakke på alle sider av gravminnet.

Det er utelukkande ansvarleg for frigrav eller gravfestar som har rett til å opparbeide plantefelt. Eigaren kan om nødvendig varslast med pålegg om å fjerne for store vekstar, lause steinar mv.

## **§ 9. PLANTEMATERIALE**

Planter, kransar og liknande materiale som blir nytta ved gravferd eller ved pynting av grav og som endar som avfall, skal vere heilt kompostérbare.

## **§ 10. STELL AV GRAV**

Kvar gravansvarleg eller festar har rett og plikt til å stelle den grava vedkomande har ansvaret for. Plantefelt som ikkje blir tilplanta eller stelt, skal den gravansvarlege eller festaren så til med gras, eller blir tilsådd av gravplassmyndigheita.

Den gravansvarlege eller festaren pliktar å halde gravminnet sikra og i forsvarleg stand.

Gravansvarlege eller festaren kan avtale med gravplassmyndigheita, eller den som får løyve til det etter § 15, om planting og stell av grav, samt montering, sikring og vedlikehald av gravminnet. Ei slik avtale fritek ikkje den gravansvarlege eller festaren frå det ansvaret vedkomande har etter dei til ein kvar tid gjeldande føresegnene.

## **§ 11. NAMNA MINNELUND**

Ved gravlegging i namna minnelund skal namn og data til avdøde førast på standard namneplate på felles minnesmerke, fastsett og levert av gravplassmyndigheita. Namneplata har plass til inntil to namn og skal utelukkande innehalde namn på avdøde, fødselsdato og dødsdato. Det er òg høve til å gravere eit symbol frå

gjeldande skjema eller etter søknad og/eller eit kort sømeleg minneord. Då grava ikkje er anonym, kan dei etterlatne velje å vere til stades ved gravlegginga.

Avgift for bruk av namna minnelund blir betalt frå det tidspunktet grava blir teke i bruk.

Ved gravlegging i namna minnelund kan det bli festa ei grav i tillegg (reservering) ved gravlegging, mot at festeavgift for 20 år, blir betalt frå fyrste grav blir teke i bruk. Gravene vil ikkje nødvendigvis kome attmed kvarandre, men namna kan påførast same namneplate.

Festetida er på lik linje med andre graver på gravplassen, jfr. §6. Det vil likevel ikkje vere høve til å gravleggje på nytt i grava. Når feste opphører, skal festaren eller ansvarleg om mogleg få høve til å hente namneplata hjå gravlassmyndigheita. Namneplate som ikkje er henta hjå gravlassmyndigheita innan seks månader, kan gravlassmyndigheita destruere.

I namna minnelund er det, etter søknad til gravlassmyndigheita, høve til namneflytting jfr § 13.

Gravlassmyndigheita har ansvaret for felles planting og stell i minnelunden. Det er ikkje høve til å opparbeide eige plantefelt for grav i minnelunden. Det kan leggast ned blomar og tennast gravlys på tilvist stad, så lenge dette er innanfor gjeldande reglar om brannvern.

## **§ 12. UNAMNA MINNELUND**

Ved gravlegging i unamma minnelund er det ikkje høve til å føre opp avdøde sitt namn og fødsels-/dødsår. Då grava ikkje er anonym, kan dei etterlatne velje å vere til stades ved gravlegginga.

Gravlassmyndigheita har ansvar for felles beplanting og stell i minnelunden. Det er ikkje høve til å opparbeide eige plantefelt for grav i minnelunden. Det kan leggjast ned blomar og tennast gravlys, så lenge dette er innanfor gjeldande reglar om brannvern, på stad anvist av gravlassmyndigheita.

## **§ 13. NAMNEFLYTTING**

Gravlassmyndigheita kan gi løyve til at namn på person blir påført gravminne på ei eksisterande grav eller eksisterande namneplate i namnet minnelund eller urnevegg ein annan stad enn der vedkommande er gravlagt. Namnet må då fjernast frå den opphavlege plasseringa.

## **§ 14. BÅREROM**

Bårerom blir disponert av gravlassmyndigheita, og skal berre nyttast til oppbevaring av døde i tida fram til gravferda. Ingen har tilgang utan etter løyve. Liksyning kan berre finne stad etter samtykke frå den som står for gravferda, og vedkjem ikkje dei tilsette.

## **§ 15. NÆRINGSVERKSEMD**

Næringsdrivande som ønskjer å drive verksemd på gravplassen skal hente inn løyve frå gravlassmyndigheita. Løyvet kan kallast tilbake dersom vedkomande ikkje rettar seg etter dei reglane som gjeld.

Slik verksemd kan berre omfatte montering, sikring og vedlikehald av gravminne samt planting og stell av graver.

## **§ 16. ARBEID PÅ GRAVPLASSEN**

Anleggs- og vedlikehaldsarbeid skal skje på kvardagar i arbeidstida (normalt kl. 07:00-21:00 og fram til kl. 17.00 på laurdagar ) og må ikkje utførast på søndagar, heilagdagar eller offentlege høgtidsdagar. Arbeid på gravplassen må ikkje vere til sjenanse for seremoniar eller rituelle handlingar på gravplass eller i bygning på

gravplass. Næringsdrivande kan berre køyre på gravplassen i den grad det er nødvendig for å utføre arbeidet. Ein må vise ekstra omsyn ved køyring på gravplassen.

#### **§ 17. DISPENSASJON FRÅ VEDTEKTENE**

Gravplassmyndigheita kan i særlege tilfelle og innanfor ramma av gravplasslov og gjeldande forskrifter fråvike §5, §6, §7, § 8 og §11 i vedtekten.

#### **§ 18. IKRAFTSETJING OG OPPHEVING AV ELDRE VEDTEKTER**

Forskrifta tar til å gjelde 30 dagar frå kunngjering i Norsk Lovtidend. Frå same tid blir vedtekter 3. oktober 2023 nr. 1619 for gravplassane i Hemsedal kommune, Buskerud, oppheva.»